



## REGLEMENT MUNNLEG EKSAMEN – Elevutgåve 28.05.2018

### Førebuing og gjennomføring av eksamen

1. Eleven får opplyst kva fag han/ho skal opp i 48 timar før eksamen.
2. 24 timar før eksamen trekkjer eller får eleven opplyst kva som er tema eller ei problemstilling for eksamen.
3. Både dagen dei får opplysning om eksamensfag, og førebuingdelen er obligatoriske skuledagar.
4. Alle elevane skal ha individuell eksamen.
5. Etter at elevane har fått tema/problemstilling, skal faglærer vere tilgjengeleg for elevane, svara på spørsmål og rettleia, men ikkje undervise.
6. På førebuingdelen er alle hjelpemiddel tillatne.
7. Eleven skal kunne gjennomføre eksamen sjølv om datautstyret sviktar.
8. Faglærer er eksaminator, men ekstern sensor kan ta del i samtalen.
9. Eksamensdagen møter elevane minst 15 minutt før eksamen tek til.
10. Kvar elev har inntil 30 minuttar til gjennomføringa. Inntil 1/3 av tida skal eleven bruke til å presentere temaet/problemstillinga, resten til fagsamtale.
11. Presentasjonen skal vere utgangspunkt for vidare samtale slik at eleven får høve til å vise kompetansen sin i ein så stor del av faget som mogleg.
12. På eksamen er notata til eleven frå førebuingdelen **einaste tillatne hjelpemiddel**. Digitale hjelpemiddel som kan visualisere den munnlege presentasjonen, er tillatne.
13. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på grunnlag av det eleven viser på sjølve eksamen og karakteren vert fastsett når eleven er ferdig med eksamen.  
**NB! Det vil seie at den enkelte elev skal få sin karakter før den neste eleven kan starte sin munnlege eksamen.**
15. Ekstern sensor gir eleven informasjon om karakteren etter gjennomført eksamen.
16. Det kan berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet, jfm forskrift til opplæringslova § 5-10.

Hilde Holte Selland, rektor  
Hafslo barne- og ungdomsskule og Veitastrond skule



[hilde.holte.selland@luster.kommune.no](mailto:hilde.holte.selland@luster.kommune.no)

57 68 58 22, mob.nr. 91178041